

Gode venner

Nok ein gong er vi langt inne i adventa – det kjennest som om året blir kortare og kortare med alderen. Men det er alltid ei glede å ta fram adresselista og tenke på gode venner, og å reflektere litt over alt som har skjedd sidan forrige adventsbrev.

Fra 1. oktober er Ragnhild endeleg uførepensjonist– nå ville ikkje ryggen og nakken meir. Det er godt å ikkje *måtte* stå opp tidleg kvar morra, uansett korleis natta har vore. Men det er også godt å kunne stå opp og hjelpe til når Thomas og Christer på Jessheim treng tilsyn. Før Thomas fekk barnehageplass ved påsketider, kunne Ragnhild gi eit godt bidrag for å få puslesillet med barnepass til å gå opp for Steinar og Tonje.



Bård er nå friskmeldt igjen, etter noe over eitt år med hanglende helse. Nå er det bare om å gjøre å ta vare på helsa så det ikkje blir nødvendig å gå gjennom det samme igjen. Også i år blei det behandlingstur til Balcova, denne gongen i heile juli.

Bård har brukt eindel tid i år på å vere bestefar. I juni hadde Christer og Bård fire dagars guttetur til Tromsø, og fekk testa mellom anna Fjellheisen, Polaria, og fisking i sjøen. Det var første gong så langt og så lenge borte, og vi var dyktig slitne begge to da vi kom heim, men det var veldig moro. Så moro at straks tur til Tromsø for Nissehelga (www.nissehelg.no) blei nemnt var det JA med det samme. Denne gongen blei også Steinar med og vi hadde i fin helg sammen.

Turen til Istanbul i fjor ga sånn meirsmak, at vi ”ga etter” og skaffa oss eigen Morgan i år. Det har blitt noen fine småturar i

sommarsommar, og det blir nok noen fine turar neste sommarsommar også.



I august tok vi oss også ein biltur, men ikkje i Morgan. Vi fløy til Tromsø, lånte Hilda sin Subaru, og tok turen til Vardø. Det var ei opplevelse for Ragnhild å se Bårds fødeby. Det var ikkje mindre spennande for Bård å se Vardø igjen etter mange år – noe var omrent som han huska, mens andre minner måtte revurderast ganske grundig. Det triveligaste var å treffe igjen familie, der var det full kontakt umiddelbart.



Også i år står Tyrkia sentralt hos oss. I haust har vi vore registrerte som studentar i Tyrkisk på Universitetet, og følgt Professor Brendemoen sine forelesinger. Vi har til og med bestått eksamen,

begge to. Det blir studier til våren også. Oppholda i Tyrkia blir så mye meir givande når ein kan litt av språket, og så holder ”pensjonisten” seg litt i aktivitet, så overgangen ikkje blir så brå. Det har blitt fleire turar til Tyrkia, også. I påska var vi nedover saman med Britt og Jørg Hadland. Vi hadde to flotte veker med smaksprøver på kamelpølser, utflukt til Bozdogan der vi spiste pide med bøffelmelk og kjøpte olivenolje fra ein 600 år gammal kjeller, og tur til Efesos der vi nesten følte at vi traff på Paulus i eigen person. I samband med behandlingsturen i sommar var også Ragnhild nedover, med mest tid i Didim. Ein kveld møttest vi i Efesos, for nattleg konsert med det greske Theodorakisorkesteret. Ei fantasktisk oppleving! Får vi sjans til fleire konsertar i det store antikke teatret i Efesos, så blir vi med på det. I ei forelesningsfri veke i november dro vi også nedover. I midten av november må ein rekne med blanda ver, og vi fekk da noen dagar med regn og voldsom torden, men også noen fine dagar, der vi *kanksje* kunne bada.

Steinar og Tonje held hus på Jessheim og gutane veks til, Thomas blir 2 år i februar. Han var, som faren, sein å begynne å gå, men har tatt det igjen med å gå mykje og fort nå. Som storebror Christer (8) sparker han gjerne fotball, ja han gjorde det også før han kunne gå sjøl. Steinar og Tonje har kjøpt tomt bare 100m fra boligen dei har nå, og har nettopp fått laveringsdato for huset i påska. Det blir eit spennande prosjekt, og det skal bli bra for dei å få betre plass.

Solveig bor framleis på Sinsen. Ho har nå gått over på medisinstudiet igjen – og håper på eit mirakel når deg gjeld studiefinansiering. Det blir eit par år ekstra som student, men det blir også større sjansar til å få dei arbeidsoppgåvene ho ønsker seg når ho blir ferdig. Ønsket er nok ”noe internasjonalt” heller enn å bli sittande på eit legekontor. Ved sidan av lesinga blir det tid til litt inntektsgivende arbeid med ernæringsstudiet. Ho er framleis aktivt med i Gudstjenestearbeidet i Storsalen, og i haust er ho også blitt med i Sofienbergkoret.

I november var vi ein tur over i Bergen da Asbjørn Jr disputerte for doktorgraden i Arkeologi. Det var interessant å få vere med på denne storhendinga. Det er alltid kjekt å komme til (5232) Paradis. Asbjørn Sr. kom rett fra Spania til disputasen, og dro omrent rett derfra til Tromsø for hjerteoperasjon. Han er nå i Salangen for rekonvalesens. Ragnhild og Solveig hadde ei lita veke nordover for å munstre opp og for å vere til hjelp dei dagane han lå på sjukehuset på Stokmarknes.

Guri og Erbil har vi alltid mye og god kontakt med når vi er nedover i Tyrkia. I sommar var også Pål og Terese nedover, og lånte huset vårt. Det er ikkje altfor ofte vi er saman alle tre søsknen med ektefeller. Mamma Hilda har også vore reisande aleine til Tyrkia i haust. Ho er framleis ved god helse, det er einast synet som er litt redusert, så nå vil ho helst ikkje køyre bil utanom lysaste dagen.

Bård har vore engasjert i adventsaksjonen i kjerka, og har ved eit par høve opptrådt som Vismann som leiter etter Kongsbarnet som skal bli født. Denne lille historia hos evangelisten Matteus har blitt utgangspunkt for enormt mye legendar og fortellinger i folketrua, der dei gjerne er blitt til kongar, tallfesta til 3 og gitt namn også. Historia kan gi oss litt ettertanke også i vår tid. Kanskje Alf Prøysen har tuffet blinken når han skriv at ”tel og med tre vise menn, dom rei i fleire da’r, og ingen visste vegen og itte hen det bar”. La jula og julemysteriet minne oss om, at vi ikkje skal la all vår informasjon og kunnskap stå i vegen for å søke det som er større og viktigare enn all jordisk visdom.

Med ønske om ei velsigna julehelg
og eit innholdsrikt nytt år

Ragnhild og Bård